

Mal for prosjektskisse – Idéoverføring hausten 2022

Format:

- Sidetal: maks. 3 sider inkludert figurar/tabellar.
- Skrifttype: Tilsvarande Arial 11 pkt. eller Times New Roman 12 pkt., enkel linjeavstand, min. 2 cm margar. For ev. figurtekst og referanseliste kan skriftstørrelse 9 nyttast.

Alle punkt i prosjektskissa er obligatoriske.

1. Prosjekttittel

Kortfatta, treffande og populærvitskapeleg med klar referanse til innhaldet i prosjektet.

2. Utfordringar, behov og mål

- Skildre korleis innovasjonen kan bidra til å løyse ei utfordring eller møte eit kjent behov i verksemda.
- Gjer greie for kvifor de vil adoptere/ta i bruk akkurat denne ideen/løysinga i føretaket (er det til dømes studiar eller utprøvingar som underbygger at dette gjer gevinstar). Gjer greie for om de vil vidareutvikle løysinga de skal adoptere.
- Skildre prosjektet sitt overordna mål og konkrete prosjektmål.
- Spesifiser kva for tema i utlysinga søknaden i størst grad treff.

3. Potensial for verdiskaping

- Skildre kva fordel den føreslåtte løysninga har samanlikna med etablert praksis og kva for nytte og gevinstar løysninga vil kunne gi brukarane, tenesta og eventuelt samfunnet.
- Gjer greie for korleis andre (avdelingar/fagområde/helseføretak) kan ha nytte av prosjektet

4. Gjennomføring og budsjett

- Gje ei skildring av tidsplanen og milepålar i prosjektet.
- Gjer greie for planen for å ta løysinga i bruk i helsetenesta (vis til samarbeid/kontakt med HV IKT dersom løysinga involverer integrering med eksisterande IKT-system).
- Vil det vere behov for ei eventuell anskaffing av løysinga (har de samarbeid med Sykehusinnkjøp HF?)

5. Organisering og samarbeid

- Gje ei oversikt over prosjektet si organisering og relevante samarbeidspartnarar og skildre deira rolle i prosjektet (til dømes Helse Vest IKT AS/Sykehusinnkjøp HF/ kommunar/ næringsliv/universitet/ brukarorganisasjonar)
- Skildre korleis de skal samarbeide med sjukehuset/helseføretaka de skal adoptere innovasjonen frå.
- Gjer greie for dei relevante brukarane i prosjektet og om desse medverkar i planlegging, gjennomføring, formidling og/eller evaluering av prosjektet.

Vurderingskriteria – Idéoverføring

1. Relevans for satsingsområda (10 %)

- tema
- prioriterte pasientgrupper
- regional nytte/gevinst

2. Innovasjon og kunnskapsbehov (30 %)

- I kva grad vil innovasjonen bidra til å løyse ei kjent utfordring og/eller møte eit kjent behov?
- I kva grad er det gjort greie for kvifor dei vil adoptere akkurat denne løysinga i føretaket (er det til dømes resultat eller studiar som underbygger at dette er ei god og relevant løysing for gjeldande område/pasientgruppe)
- Skal dei vidareutvikle løysinga?
- Er det gjort ei kunnskapsoppsummering forut for val av sjukehuset/føretaket dei vil lære av i prosjektet? Er dei kjend med andre liknande initiativ?

3. Gevinstar og nytte for pasientane og helsetenesta (30 %)

- I kva grad er potensielle gevinstar, nytte og effektar tydeleg formulert og truverdige for:
 - pasientane (høg eller låg grad av nytte for pasientane - korleis er dette skildra)
 - helsetenesta (kva for gevinstar gjer prosjektet for helsetenesta og kva er potensialet for overføring til andre helseføretak regionalt og nasjonalt)
 - positive samfunns effektar (bidreg prosjektet til FN sine bærekraftsmål eller til å løyse andre viktige samfunnsutfordringar)?
- I kva grad er planen for å realisere gevinstane relevant og sannsynleg
- I kva grad har prosjektet ein plan for forvaltning av løysinga og skildre overgang til drift/innkjøp etc. (samarbeid med Sykehusinnkjøp med tanke på ei eventuell anskaffing?)

4. Gjennomføring. (30 %)

- I kva grad er leiing, styring og forankring i prosjektet ivaretatt?
- Korleis skal helseføretaka samarbeide med institusjonen dei skal adoptere løysinga ifrå?
- Er samarbeidspartnarane dei rette til å gjennomføre aktivitetane og med ei tydeleg og relevant fordeling av budsjett, roller og ansvar (samarbeid med til dømes HV IKT, Sykehusinnkjøp, kommunar)?
- I kva grad er brukarane/brukarorganisasjonar involvert i prosjektet?
- I kva grad gjer prosjektplanen eit godt grunnlag for å få gjennomført aktivitetane og for å få nyttiggjort resultatane?

Det vil bli nytta ein skala frå 1 – 6 for dei fire kriteriana. Det blir satt ein samla karakter for søknaden.